

Vedlegg 3

Rapporteringskalender og styringsdialog

Rapporteringskalender:

I tråd med dei krava til rapportering og fristar som tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet stiller, skal Kommunal- og regionaldepartementet ha tilsendt desse dokumenta frå Forskringsrådet innan desse fristane:

Rapporteringsfrist	Type rapport	Merknad
1. mars 2012	Vedteke budsjett for 2012	
1. mars 2012	Fullstendig budsjettforslag for 2013	
20. mars 2012	Rapport om ev. vesentlege avvik per 31. desember 2011	
1. mai 2012	Årsmelding 2011 inkludert rekneskap og melding frå hovudstyret	
15. juli 2012	Endeleg årsmelding 2011 med avsluttande revisjonsbrev frå Riksrevisjonen	
20. aug. 2012	Rapport om ev. vesentlege avvik per 30. juni 2012	
1. des. 2012	Endeleg satsingsforslag for 2014	
5. des. 2012	Oversikt over gjennomførte og pågåande evalueringar i 2012 og planlagde evalueringar i 2013	
25. mars 2012	Tallrapportering for 2011 på kap. 552, post 72 (jf. vedlegg 4)	Særskilde fristar for kap. 552, post 72
1. mai 2012	Årsrapport for 2011 på kap. 551, post 72	
20. aug. 2012	Halvårsrapport for 2012 på kap. 552, post 72	
15. okt. 2012	Skisse til nye satsingsforslag for 2014 for kap. 552, post 72	
15. okt. 2012	Innspel til arbeidet med innsparingstiltak 2014 for kap. 552, post 72	
31. des. 2012	Kortfatta framstilling av kontroll med tilskot	

Styringsdialog

Styringsdialog knytt til kap. 500, post 21 og post 50 og kap. 552, post 72

KRD vidarefører styringsdialogen i form av to styringsmøte i 2012. Departementet vil ta initiativ til desse møta. Det første møtet, om våren, skal i hovudsak handle om desse tema:

- Rapportering for førre året.
- Forslag om vidareføring, oppskalering, nedskalering eller utfasing av program og tenester i 2013 og 2014. Forslaga skal vere grunngitt ut frå korleis programma og

tenestene kan medverke til å nå dei distrikts- og regionalpolitiske måla som departementet har fastsett. Forslaga skal også synleggjere prioriteringar og konsekvensar ved uendra, auka eller reduserte rammer.

Møtet om hausten skal i hovudsak handle om desse tema:

- Statusrapport: Forskingsrådet skal gjere munnleg greie for gjennomførte tiltak og om bruk av midlane i samsvar med dei styrings- og oppdragsbrev som Forskingsrådet har motteke frå departementa.
- Budsjettet for år 2013, med utgangspunkt i dei distrikts- og regionalpolitiske måla.
- Budsjettinnspel for år 2014, med utgangspunkt i dei distrikts- og regionalpolitiske måla: Vi ber Forskingsrådet om prioriterte innspel til innsparingstiltak og satsingar for 2014. Innspelet til satsingar skal vere grunngitt ut frå korleis programma og tenestene kan medverke til å nå måla. Innspelet til innsparingstiltak skal gi uttrykk for reelle prioriteringar, og det skal gjerast greie for konsekvensane av tiltaka. Innspelet skal også gi ei oversikt over utfasing av program og tenester i 2014.